



Hå kommune  
Postboks 24  
4368 Varhaug

Att. Rådmann Anne Berit Berge Ims

Postadresse:  
Postboks 59 Sentrum,  
4001 Stavanger

Besøksadresse:  
Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00  
F: 51 52 03 00  
E: fmropost@fylkesmannen.no

[www.fylkesmannen.no/rogaland](http://www.fylkesmannen.no/rogaland)

## Varsel om forvaltningskontroll av Hå kommune si handtering av tilskots-forvaltninga på landbruksområdet

Fylkesmannen har, etter risikovurdering, kome til at vi ønskjer å gjennomføre ein forvaltningskontroll i Hå kommune.

### Forslag til dato for kontrollen

Vi vil foreslå å gjennomføre kontrollen **torsdag 21. januar 2016** kl. 09.00-11.30. Som alternativ dato har vi sett opp onsdag 27. januar. Vi håpar at ein av desse datoane passer, og ber om tilbakemelding på dato innan 10.12.2015. Vi legg til grunn at rådmannen kan delta under kontrollen.

### Risikovurdering

Bakgrunnen for at vi har kome til at det er behov for å gjennomføre forvaltningskontroll er mellom anna følgjande:

- Hå kommune gjennomførte ikkje pålagd stadleg kontroll av søknader om produksjonstilskot innan tidsfristen hausten 2015.
- Kommunen måtte be om å få utsett frist for å behandle søknader om tilskot etter regionalt miljøprogram hausten 2015.
- Etter Fylkesmannens vurdering kan det sjå ut som kommunen har sett av uforsvarleg lite ressursar til forvaltning av landbruksoppgåvane. Dette sett ut frå tal landbruksføretak i kommunen, utviklinga i driftsomfang og –form i jordbruket gjennom kraftige strukturendringar over fleire år og dei krav og forventningar som er stilte til kommunane si oppgåveløysing på landbruksområdet.
- Fylkesmannen meiner det er grunn til å stille spørsmål ved Hå kommune si rolleforståing knytt til løysing av oppgåver der kommunen har fått delegert avgjerdssrett frå Landbruks- og matdepartementet.

### Heimel for forvaltningskontrollen

Fylkesmannen har det regionale ansvaret for at tilskot på landbruksområdet blir forvalta og kontrollert i samsvar med overordna føresetnader og etter gjeldande lovar og reglar. I dette ligg det mellom anna at Fylkesmannen skal gjennomføre risikobaserte kontollar av kommunane på landbruksområdet.

Heimel for kontrollen er forskrift 12.12.2003 nr. 1938 om reglement for økonomistyring i staten, § 15.

**«§ 15. Kontroll av underliggende virksomheter og andre som utøver forvaltningsmyndighet samt tilskuddsmottakere**

*Overordnede virksomheter skal ivareta kontroll med at underliggende virksomheter og enheter utenom statsforvaltningen som utøver forvaltningsmyndighet, utfører sine oppgaver på forsvarlig måte og i henhold til § 14.*

*Tilskuddsforvaltere skal ivareta kontroll med at tilskuddsmottakere oppfyller de vilkår som er stilt for tilskuddet.*

*Finansdepartementet kan fastsette bestemmelser for kontroll av utøvelse av forvaltningsmyndighet som er delegert til enheter utenom statsforvaltningen.»*

Kommunen har fått delegert mynde i statlege landbruksaker etter jordlova § 3. Mynde til å gjere vedtak om tilskot er delegert til kommunane, jf. forskrift om produksjonstilskot mv. i jordbruket § 9. Kommunane sine oppgåver knytt til forvaltninga av tilskota går fram av forskrift og rundskriv. Desse må sjåast på som instrukser som kommunane er ansvarlege for å rette seg etter.

### **Informasjon om kontrollen**

Under kontrollen vil vi sjå nærmere på kommunen si forvalting av regelverket som gjeld for ulike tilskotsordninger i jordbruket, og kommunen si prioritering og ressursbruk på landbruksområdet.

Vi vil i god tid før avtalt dag kome tilbake med meir detaljar rundt aktuelle tema og kva vi ønskjer at kommunen har klart i forkant av sjølve kontrollen.

### **Dagsorden**

- 09.00-09.30 Formøte - informasjon om kontrollen, føremål, grunnlag og omfang
- 09.30-10.30 Intervju og gjennomgang av dokument
- 10.30-11.30 Sluttmøte - oppsummering av funn frå kontrollen

Fylkesmannen ber om at rådmann, kommunalsjef og fagansvarleg for jordbruk (jordbruksjefen) deltek under heile kontrollen. Vi ber kommunen vurdere om politisk leiing i kommunen også bør vere med under heile eller delar av kontrollen. Vidare ber vi om at det blir lagt til rette for at saksbehandlarane for dei ulike ordningane deltek under intervjuet.

Frå Fylkesmannen møter landbruksdirektør Hadle Nevøy og saksbehandlarar innan tilskotsforvaltning.

Med helsing

Hadle Nevøy  
landbruksdirektør

Sissel C. Endresen  
seniorrådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift

Saksbehandlar: Sissel C. Endresen  
Saksbehandlar telefon: 51 56 89 60  
E-post: fmrosce@fylkesmannen.no